

Utval resultat

Døma som er lagt inn i desse arka, gjeld eit utval av byregionar. Dei syner dømer på resultat av tiltak i høve til mål og flaskehalsar i det aktuelle byregionprosjektet.

Vest-Telemark

Nissedal, Fyresdal, Tokke, Vinje, Seljord, Kviteseid

Telemark

Resultat i høve måla i Byregionprosjektet

Mål for prosjektet:

- 1) Utvikle sterke «regionale motorar» i alle regionens kommunesentera som verkar attraktive for rekruttering av arbeidstakarar og utvikling av eksisterande og **nytt næringsliv og næringskjeder**.
- 2) Utvikling av solid kompetansemiljø som kan representere spisskompetanse på respektive fagfelt til beste for heile regionen for å **auke det økonomiske samspelet mellom næringsmiljøa**.
- 3) Styrke **samarbeidet mellom offentleg og privat sektor** i skjeringspunktet mellom lokale næringsshagar og kommunal samfunnsutvikling og tenester.
- 4) Auke regionens bustadsattraktivitet gjennom erfaringsutveksling der ein **koplar ein attraktiv arbeidsmarknad med varierte bumiljø** i heile regionen.

Godt eksempel på resultat

Byregionprosjektet gjennomførte tidleg i fase 2 ein målretta bruk av offentleg innkjøp for levering av kunnskap inn til byregionprosjektet. I tillegg til leveransen var det eit uttalt mål å styrke samarbeidet mellom næringsmiljøa i regionen. Dette har blant anna ført til at næringsmiljøa nyleg etablerte eit formelt samarbeid, og vann eit anbod på rolla som [kompetansemeklar i Telemark fylke](#).

Byregionprosjektet har i programperioden også lukkast med å få fokus på offentleg innkjøp som grunnlag for utvikling og innovasjon. Det har ført til etablering av eit «Trenettverk», som mellom anna har som føremål å auke bruken av tre i offentlege bygg. Nettverket tek utgangspunkt i det sterke fagmiljø på bioøkonomi i [næringshagen i Fyresdal](#). *Nettverket er òg knytt til bustadprosjektet/-attraktivitet og grønt skifte der dette ble brukt direkte i innkjøpskonferansen som er gjennomført i regionen.* Koplinga mellom trenettverket og konkrete bustadbehov i Kviteseid har ført til at det no skal byggast små hyblar og leilegheiter i massivtre. Hovudmålet er å bidra til styrka rekruttering og tilby bustadløyning som mellom anna er betre tilpassa tilsette i [næringshagen i Kviteseid](#).

Kontaktperson:

Ole Dalen, Vest-Telemarksrådet

Mob: od@vest-telemark.no

E-post: 414 23 433